



## Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet, rullert handlingsprogram 2022

### Dokumentinformasjon:

Saksbehandlar: Jens Arne Gjørsvik	Arkivsak: 22/646
E-post: postmottak@alesund.kommune.no	Journalpost: 22/94339

### Behandling:

Saksnummer:	Utval:	Dato:
025/22	Komite for kultur og medborgarskap	05.10.2022
154/22	Ålesund kommunestyre	27.10.2022

### 154/22 - Ålesund kommunestyre

#### Vedtak:

Ålesund kommunestyre vedtek rullert handlingsprogram 2022 for idrett og fysisk aktivitet, slik det kjem fram i saka med vedlegg.

#### Behandling:

#### Votering:

Jannicke Strømmen (Frp) fekk permisjon og forlot møtet.

Kommunestyret voterte over innstilling frå komite for kultur og medborgarskap. Denne vart samrøystes vedteke.

### 025/22 - Komite for kultur og medborgarskap

#### Tilråding frå komite for kultur og medborgarskap:

Ålesund kommunestyre vedtek rullert handlingsprogram 2022 for idrett og fysisk aktivitet, slik det kjem fram i saka med vedlegg.

#### Behandling:

#### Votering:

Kommunedirektøren si innstilling samrøystes vedtatt.

#### Kommunedirektøren si innstilling:

Ålesund kommunestyre vedtek rullert handlingsprogram 2022 for idrett og fysisk aktivitet, slik det kjem fram i saka med vedlegg.

## Saksgang:

AKTIVITET	JANUAR			FEBRUAR				MARS				APRIL				MAI				JUNI				JULI				AUGUST				SEPTEMBER				OKTOBER																				
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21	22	23	24	25	26	27	28	29	30	31	32	33	34	35	36	37	38	39	40	41	42	43													
Handlingsprogram idrett og fysisk akt.																																																								
Tidslinje prosess																																																								
Orienteringsmøte prosess Ålesund idrettsråd																																																								
Adm. rullering av handlingsprg. - skrivefrist sak KKM																																																								
Orientering og vedtak handlingsprg. til høyring KKM																																																								
Høyring uttale lag, utval og råd (KDU, U,ER, RF m.fl.)																																																								
Høyring uttale - frist Ålesund idrettsråd																																																								
Adm. handsaming merknader - politisk innstilling																																																								
Forankringsmøte merknader ÅIR																																																								
Oppmelding politisk sak																																																								
Tilråding/vedtak KKM																																																								
Vedtak kommunestyre																																																								
Oppfølging av vedtak																																																								

## Saksopplysningar:

Kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet er ein tematisk plan innan idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet for å stimulere til auka fysisk aktivitet i befolkninga. Planen skal danne eit grunnlag for prioriteringar av anlegg og område som må bli lagt til rette, opparbeidast eller rehabiliterast. Det inneber at planen lyt ta omsyn til behov for å kunne utøve breidde – og konkurranseidrett, og dekke behova for eigenorganisert aktivitet t.d. friluftsliv ut frå behovsvurderingar, inkludert folkehelseperspektivet.

Handlingsprogrammet er eit verkemiddel, ein arbeidsplan for tiltak/mål. Programmet inneheld anleggstiltak. Anlegga blir sett opp i to kategoriar, nærmiljøanlegg og ordinære anlegg.

Programmet inneheld ei oversikt over kortsiktige (4 år) og prioriterte anleggstiltak med tiltakshavar, status på søknad, kostnad, finansiering og årstal for utbygging. I tillegg ein langsiktig, uprioritert del med tiltak som kan vere aktuelle i eit lengre perspektiv (10 - 12 år). Handlingsprogrammet vert rullert årleg for å fange opp status og nye behov, og samstundes legge til rette for at planlegging og realisering av nye tiltak skal få tilfredsstillande framdrift. For at anlegg skal vere rettkomen til å søkje om spelemidlar skal dei vere del av ein vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet.

Høyring av handlingsprogram 2022 og søknad om inntak av tiltak i handlingsprogrammet sin kortsiktige, prioriterte del, og langsiktige, uprioriterte del vart gjort kjent i media, kommunen sine kanalar og i brev til ei rekkje mottakarar. Det vart i høyringsrunda gjeve høve til å kome med skriftlege innspel.

Det er motteke innspel frå 30 aktørar med heile 44 anleggstiltak.

Forslaget til rullert handlingsprogram 2022 byggjer på følgjande prinsipp:

- Forna søknad (vore søkt om før utan å få tilsegn).
- Ny søknad i 2022.
- År for utbygging.
- Kommunale og statlege insitament (td. friluftsliv).
- Idrettspolitisk historikk.
- Betydinga for tiltaket (behovsvurdering).
- Fylkeskommunen si innstilling i kultur-, næring og folkehelseutvalet 08.06.2020.

For ytterlegare opplysningar om dokumentasjonskrav ved søknad om opptak, sjå vedlegget «*Utfyllande informasjon om handlingsprogrammet i kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet*».

## Vurderingar:

Alle innspel er omtala og vurdert i vedlegget «*Samandrag høyringsuttaler, kommentert*». Dei fleste innspela er ivaretekne i tråd med ønska til innsendar. Enkelte tiltak som er søkt inn i kortsiktig, prioritert del blei etter vurdering plassert i langsiktig, uprioritert del grunna manglande dokumentasjon.

Følgjande tiltak som låg inne i handlingsprogrammet ved høyring, har motteke tilsegn frå fylkeskommunen med full utbetaling i spelemiddelrunden 2022, og er difor teke ut av programmet etter høyring.

Det gjeld ordinære anlegg:

- Nr. 2. Søvika fleirbrukshall, Søvik skule - Nordborg anleggsutvikling AS
- Nr. 3 Klubbhus - møtelokale, garderober og lager, Ravn idrettsanlegg – IL Ravn
- Nr. 4 Klubbhus – møtelokale, garderober, lager og styrkerom, Brattvåg stadion – Brattvåg IL anleggsutvikling AS
- Nr. 5 9'er-bane, kunstgras, Hoffland/Nes - Ellingsøy IL
- Nr. 6 Color Line Stadion, rehabilitering kunstgras - Aalesund fotballklubb
- Nr. 7 Stallbygg med fôrrom/lager, Prestegardsmarka Sjøholt - Ørskog ride- og køyreklubb
- Nr. 8 Ridebane utandørs med lysanlegg, Prestegardsmarka Sjøholt - Ørskog ride- og køyreklubb
- Nr. 9 Klubbhus, garderober og styrketreningsrom, Nørvevika – Ålesunds seilforening
- Nr. 10 Lager, båthus, Nørvevika - Ålesunds seilforening
- Nr. 14 Brygge til turpadling, Nørvasundet - DNT Sunnmøre

Tiltak 23 Spjelkavik Arena, garderobebygg, Spjelkavik idrettspark er tatt ut og inngår no i tiltak 22 **5 tiltak** Spjelkavik Arena, **dobbel** idrettshall, Spjelkavik idrettspark.

Det gjeld nærmiljøanlegg:

- Nr. 1 Rehabilitering av sti til Sukkertoppen, del 1
- Nr. 2 Balanseområde, Kolvikbakken ungdomsskole - ÅKE
- Nr. 3 Streetbasket - senterstativ, Kolvikbakken ungdomsskole – ÅKE
- Nr. 4 Bordtennisbord m/ skjerming og overbygg, Kolvikbakken ungdomsskole - ÅKE
- Nr. 5 Flisnes barneskule, nærmiljøanlegg, trinnvis utbygging - aktivitetsomr. 1 - ÅKE

Anlegg som har fått tilsegn, men som skal ha ytterlegare midlar lyt sende inn gjentakande søknad for spelemiddelrunda 2023. Anlegg med ny søknad i spelemiddelrunda 2022, som ikkje fekk tilsegn lyt sende inn fornya søknad for spelemiddelrunda 2023. Sjå status for spelemiddelsøknadane i vedlegg.

Den som søker kunnskap om sjølve spelemiddelordninga finn det på kommunen si [nettside](#).

#### **Økonomiske / juridiske / andre driftsmessige og organisatoriske konsekvensar:**

Rullering av handlingsprogrammet i seg sjølv utløyser ikkje økonomiske konsekvensar for kommunen. Tiltak som vert utført i kommunal regi, og enno ikkje har godkjent finansiering, lyt fremjast som eigne saker når tiltaka er tilstrekkeleg greidd ut.

#### **Konklusjon med grunngiving:**

Handlingsprogrammet i kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet er eit omfattande dokument, med mange tiltak av ulik karakter. For å kunne gjere velgrunna prioriteringar ved tildeling av spelemidlar, er ein avhengig av at handlingsprogrammet for idrett og fysisk aktivitet vert rullert årleg.

Rullert handlingsprogram for 2022 vert foreslått vedteke slik det kjem fram i saka med vedlegg.

Jon Steven Hasseldal  
kommunedirektør

**Vedlegg:**

1. Rullering handlingsprogram 2022, forslag
2. Samandrag h yringsuttaler, kommentert
3. Vedteke handlingsprogram 2021
4. Utfyllande informasjon om handlingsprogrammet